



Knut Willie Jacobsen
Garvik
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7105 - 14/23912

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2014

Mellombels bruksløyve - gbnr 137/687 Alver - bustad

Tiltakshavar: Bjarte Alvær, 5911 Alversund
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen, 5912 Seim
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.05.2004. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Det vert elles vist til søknad/ferdigmelding motteken 15.08.2012.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Kyrkjevegen 18A
Bygningstiltak:	Einestad med hybel/sokkelleilegheit
Bygningsnummer:	23981386
Bruksareal:	218 m ²
Avløp:	Tilknytt privat kloakkanlegg med slamavskiljar
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gnr. 137, bnr. 687 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket må vera tilkoppa offentleg kloakk før kommunen kan gje ferdigattest.



2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.10.2016. Det er tilstrekkeleg at søknad om ferdigattest er motteken av kommunen innan 31.10.2016.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Pbl §20-1	Gebyr
10.2.8. Mellombels bruksløyve	Kr. 2.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjarte Alvær

Kyrkjevegen 18 A 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912

SEIM